

Emnerapport for FRAN 302 –
Grammatikk, omsetjing og middelalderfransk
Vår 2013

Studienivå: Master

Undervisningsspråk: Fransk

Mål og innhald

Emnet inneheld følgjande komponentar:

- Fransk grammatikk
- Omsetjing norsk-fransk / fransk-norsk
- Mellomalderfransk

Arbeidet med omsetjing og grammatikk skal gje studentane større innsikt og dugleik i moderne fransk språk.

Studiet av tekstar skrivne på mellomalderfransk skal gje ei innføring i grunnlaget for framveksten av fransk språk og litteratur.

Læringsutbytte/resultat

Etter fullført emne skal studenten ha kjennskap til moderne tilnæringsmåtar innan fransk grammatikk, kjenna hovudlinene i mellomalderfransk syntaks og leksikon, og ha ei viss innsikt i morfologien. Dei skal dessutan ha innsikt i kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk.

Studentane skal vera i stand til å gjera greie for hovuddraga i moderne fransk grammatikk. Dei skal kunna omsetja, frå fransk til norsk og frå norsk til fransk, autentiske tekstar innan ulike sjangrar. Dei skal òg kunna omsetja pensumtekstar frå mellomalderfransk til moderne fransk og gjera greie for dei viktigaste skilnadene.

Studentane vil etter fullført emne ha eit grunnlag for å halda fram med forskingsverksemd innan moderne fransk grammatikk og mellomalderfransk.

Pensum

Utdrag av Riegel, Pellat, Rioul: *Grammaire méthodique du français*. PUF.

Kompendium i middelalderfransk.

Studenttal: 7 studentar gjekk opp til eksamen i grammatikk, 8 i omsetjing og 7 i middelalderfransk.

Undervisning

Det blei gitt 16 timar undervisning i kvar av dei tre deldisiplinane grammatikk, omsetjing og middelalderfransk. Omsetjingstimane var fordelte på 4 forelesingar (= 8 timar) norsk-fransk og 4 forelesingar (= 8 timar) fransk-norsk. Undervisningstimetallet dette semesteret er litt mindre enn det som har vore vanleg tidlegare, pga. ressursmangel.

Grammatikk:

Vanlegvis er pensum ein kombinasjon av utdrag frå *Grammaire méthodique du français* og artikkelstoff. Dette semesteret var heile pensumet henta frå grammatikkboka. I tillegg til introduksjonskapitlet (*Une discipline et son objet, La grammaire dans tous ses états, L'analyse grammaticale*) vart desse emna gjennomgått: *L'oral et l'écrit, La phrase et son architecture, Le verbe et ses constructions, La phrase complexe*. Det var stort sett godt frammøte på forelesingane og til dels livlig diskusjon. På enkelte punkt går læreboka svært mykje i detalj, og det kan vera lett å fortapa seg i detaljane. På forelesingane vart det derfor fokusert på heilskap og dei store linene. Det generelle inntrykket forelesaren har, er at dette studentkullet er svært sterke i munnleg fransk, men kanskje ikkje fullt så gode når det gjeld skriftleg framstilling og praktisk fransk språkbruk. Ei av forelesingane blei brukt til eksamenstrening i form av ein *examen blanc*. Det var eit tilbod som dei fleste studentane benytta seg av. Det er likevel grunn til å tru at det vil vera fornuftig å gi høve til ennå meir trening i skriftleg framstilling på fransk, t.d. i form av øvingsoppgåver i løpet av semesteret.

Omsetjing:

Det ble gjennomført fire forelesningar i oversettelse fransk-norsk. Timetallet kan synes å ligge noe lavt i forhold til 100- og 200-nivå og inntrykket er at studentene kunne hatt behov for å arbeide mer med oversettelse.

Studentene fikk mulighet til å levere oversettelser til hver time, i tillegg til den obligatoriske oppgaven. I tråd med innspill fra omsetjingskomitéen jobbet vi med ulike tekstsjangrer, både pressetekster, sakprosa og skjønnlitterære tekster. Det ble ikke lagt opp noe oversettelsesteoretisk stoff, men vi gikk gjennom bruk av digitale hjelpemidler og ulike faktorer som spiller inn i oversettelsen (syntaks, pragmatiske og sjangermessige

faktorer). Det ble også gjennomført en prøveeksamen, og det virket som studentene hadde utbytte av dette.

Det var en del uklarheter når det gjaldt fordeling av timene mellom de ulike foreleserne og levering på engelsk for studenter som ikke har norsk som morsmål, men dette ble greit og pragmatisk løst etterhvert som problemene oppstod, og jeg tror ikke studentene opplevde dette som særlig problematisk.

Middelalderfransk:

Kurset ble gjennomført i form av åtte dobbeltimer (til sammen 16 timer), i tillegg til timer til forberedelse av selve kurset og til gjennomføring av muntlig eksamen. Dertil medgått tid til utarbeidelse av en skriftlig prøve (jfr nedenfor).

Åtte studenter deltok i de to første timene. Ved de syv siste dobbeltimene deltok syv studenter, altså stabilt fremmøte. Disse syv avla også den muntlige eksamenen i faget. En student (den åttende, som deltok bare første gang) hadde søkt Fakultetet om å gjennomføre eksamenen i middelalderfransk som skriftlig prøve. Vedkommende fikk tillatelse til dette, men møtte ikke opp på fastsatt eksamensdag.

Undervisningen foregikk stort sett interaktivt, i den forstand at studentene deltok aktivt i gjennomgangen av tekstene. Disse ble gjennomgått og forklart tematisk og språklig, med vekt på det språklige, av gode grunner (forståelse og tolkning av tekst i et hittil "ukjent" språk). Det ble i liten grad fokusert på analyse av tekstenes litterære aspekter, men idet den mest omfattende teksten var skrevet i versemål, ble metrikken berørt relativt omstendelig. Forholdet mellom fransk i middelalderen og moderne fransk ble vektlagt. Noe, men lite referanse tilbake til folkelatinen, da studentene ikke hadde kunnskaper i latin.

Studentene fikk også oppgaver å forberede. Resultatene av dette arbeidet ble så presentert og drøftet under forelesningene av studentene selv.

Pensum var sammensatt av 1 hovedtekst: "La Chastelaine de Vergy" og mindre utdrag av to andre verker: "La Vie de Saint Eustache" (hagiografi) og "Le Jeu d'Adam" (mysteriespill). De tre verkene representerte ulike sjangre og ulike tidsepoker.

Studentene ga tydelig inntrykk av å være godt motiverte, og tok de språklige (grammatiske, leksikalske, begrepsmessige) utfordringene på strak arm. Paradigmer og syntaks festet seg etter en viss tid (tross alt en gjenkjennelig språktilstand i lys av moderne fransk). God stemning under forelesningene, og studentene ga uttrykk for at de syntes det var spennende og interessant å stifte bekjentskap med fransk språk fra denne

epoken og få et innblikk i begrepsverden som ble manifestert i tekstene de leste, som ”la fin amour”, og hvordan dette begrepet gikk som en rød tråd gjennom hovedteksten.

En hake ved kurset var omfanget av pensum i forhold til tilmålt tid. Å tilegne seg brede kunnskaper i denne ”etappen” i utviklingen av fransk fram til i dag, om enn passivt, var et problem, og derfor en utfordring. Det førte til at det ikke ble tid nok til å gjennomgå hele pensum. På den annen side, og som nevnt: Studentene fikk et godt innblikk i middelalderfranskens struktur og en smak av den rike litterære produksjonen i denne perioden (X. til XIII. århundre), samt en viss forståelse av den begrepsverden som litteraturen formidlet. Interessen for fransk middelalders språk og litteratur ble sannsynligvis vekket etter dette kurset, og studentene vil nok erfare at en viss kunnskap om tidligere språktilstander, kultur og litteratur, styrker mestring av moderne fransk og grepet om litterære og kulturelle referanser.

Vurderingsformer:

Eksamen er tredelt:

- 1) Ei skriftleg prøve i grammatikk (tre timar)
- 2) Ei skriftleg prøve i omsetjing (tre timar)

På skriftleg eksamen kan ein nytta eittspråkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet.

- 3) Ei munnleg prøve i mellomalderfransk.

Det blir gjeve karakter A-F på dei tre prøvene, og kvar del tel 1/3 av samla karakter.

Det er høve til å ta med seg ein deleksamen i inntil to semester etter at deleksamnen er greidd.

Samla vurdering frå emneansvarleg, med eventuelle forslag til endringar:

Emnet FRAN302 er svært heterogent med deldisiplinane grammatikk, omsetjing og middelalderfransk. Dette semesteret vart det prøvd eit opplegg i grammatikk der heile pensumet var henta frå læreboka *Grammaire méthodique du français*. Emneansvarleg meiner det vil vera best å gå tilbake til ein kombinasjon med ein eller fleire artiklar om grammatiske emne i tillegg til eit pensum frå læreboka.

Når det gjeld omsetjingsdelen av emnet, som i utgangspunktet omfattar omsetjing norsk-fransk og fransk-norsk, vil det frå neste år av bli gjennomført i tråd med dei

retningslinene som *Omsetjingskomiteen* har tilrådd, med bl.a. lengre eksamenstid. Elles er det viktig at programstyret/lærarrådet for fransk tar opp problemstillinga med masterstudentar som ikkje har norsk som morsmål. Dette semesteret fekk dei eit tilbod om omsetjing engelsk-fransk og fransk-engelsk, men etter emneansvarleg og mange andre sitt syn er ikkje dette ei optimal løysing. Eit alternativ kan vera at dei får eit 5 studiepoengs tilbod i fagdidaktikk, men det er ikkje sikkert at dette høver for alle. Det trengst altså ein diskusjon for å finna fram til den beste løysinga.

Inneverande semester markerer slutten på ein lang periode med middelalderfransk som viktig ingrediens i emneporteføljen på faget. Av ulike grunnar vil det frå 2014 av ikkje lenger bli gitt undervisning i denne deldisiplinen. Kva som skal koma i staden for dei 5 studiepoenga med middelalderfransk er delvis blitt, og kjem til å bli, diskutert av programstyret.